# Kontrakt for tilgang til meirope bibliotek

Denne kontrakten gjev deg tilgang til Gloppen folkebibliotek sine lokale frå kl. 7.00 til kl. 23.00 alle dagar. Tilbodet gjeld alle over 15 år. Personar under 18 år må i tillegg ha signatur frå føresett.

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle. Du vert oppmoda om å halde ro og orden på det meiropne biblioteket.

Ved å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkelkort for meirope bibliotek forpliktar du deg til å overhalde:

- Vis omsyn til andre, også ved arrangement i biblioteket
- Hald orden og ta vare på biblioteket ditt. Det skal vere til glede og nytte for alle som brukar det. Rydd opp etter deg før du forlét biblioteket
- Rett deg etter gjeldande lånereglar
- Tilgangen er personleg. Du er ansvarleg for korleis kortet brukast, og du har ikkje lov å sleppe andre inn i meiropen tid. *Unntak:* Føresette kan ta med barn i meiropen tid, men er ansvarleg for dei og må vere saman med dei medan dei er i biblioteket
- Rusmiddel er ikkje tillate
- Brannvern: Gjer deg kjend med rømningsvegar og branninstruks
- Lokala må forlatast ved brannalarm, stengetid eller andre varslingar

Når du loggar deg inn i det meiropne biblioteket vil det bli registrert at du er der. Biblioteklokalet er videoovervaka for at du skal føle deg trygg, og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Bildeopptaka blir lagra i sju dagar. Hærverk vert meldt til politiet og overvakingsmateriale vil då bli overlevert dei. Du vil bli stilt økonomisk ansvarleg for eventuelle øydeleggingar. Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar. Brot på kontrakten kan føre til at du misser tilgangen til meirope bibliotek.

Sjå meir informasjon på **gloppenbibliotek.no**. Der legg vi også ut informasjon om vi må halde stengt for meirope.

**Eg har lese kontrakten og akseptert vilkåra.**

Namn med blokkbokstavar: …………………………………………………………………………………………………………………….

Fødselsdato: ……………………………………………………….

Signatur: ………………………………………………………………………………………………………………………………………….

Føresett sin signatur (gjeld dei under 18 år): ……………………………………………………………………………………….

Dato:……………………………. Legitimasjon: ……. (kryss av)

## Velkomen som brukar av Gloppen folkebibliotek sitt meiropne bibliotek!